
Saksnr: 2021/2704-4
Saksbehandlar Sissel Brusegård
Dato: 22.02.2021

Til: Yrkesopplæringsnemnda
Hovudutval for opplæring og kompetanse
Fylkesutvalet
Fylkestinget

Frå: Fylkesrådmannen

Økonomiplan 2021 (VP5) Auka gjennomføring - fleire ut i lære

Fylkesrådmannen si oppfølging av verbalpunkt 5 i budsjettvedtak 2021.

«Vestland Fylkesting har ei målsetjing om at vi skal auka gjennomføring og få fleire ut i lære på yrkesfag. Særskilt viktig er det å lykkast i overgangen frå vg2 til lærling. Fylkestinget ber fylkesrådmannen syta for at erfaringane frå prosjektet auka gjennomføring- fleire ut i lære frå tidlegare Hordaland og arbeidslivskontaktane i tidlegare Sogn og Fjordane, vert lagt til grunn for skulane og rettleiingstenestene sitt arbeid for å sikre overgangane».

Fylkestinget sine mål og strategiar for å auke gjennomføringa føreset at vidaregåande opplæring blir fornya og forbetra. Læreplassrekneskapet er eit verktøy som er utvikla for å kunne følgje eleven på vegen frå vg1 til læreplass og skulen si rolle i arbeidet med formidling til læreplass. Målet med læreplassrekneskapet er tidleg å identifisere og følgje opp eleven med mål om læreplass.

Vestland fylkeskommune har delteke i utvikling av VIGO sitt læreplassrekneskap og er pilotfylke før innføringa i resten av landet.

Læreplassrekneskapet består av to deler: bedriftsnettverk og elevbiletet.

Fyrste del, bedriftsnettverket er publisert i VIGO skule. I denne delen registrerer skulen bedrifter som dei nyttar til utplassering i yrkesfagleg fordjuping (YFF). Når bedrifter blir lagt inn, blir dei automatisk sjekka om dei er godkjente lærebedrifter.

Neste del elevbiletet, her følgjer skulen opp eleven frå Vg1 til Vg2 og over til vg3 læreplass. Denne delen vert klar for bruk frå skulestart hausten 21. Denne delen inneheld karriere- og interessekartlegging av eleven, kva utplassering eleven har hatt i YFF på vg1 og vg2 og søknad til læreplass. Skulen vil her få god oversikt over korleis deira elevar ligg i løypa for læreplass og kan tidleg setja inn tiltak for å nå målet at «alle» skal ha læreplass ved skuleslutt.